



# Invitasjon til fylkesting for ungdom 14.-16. april

14. - 16. april vert det arrangert fylkesting for ungdom ved **Scandic Flesland Airport** hotell i Bergen. Arrangementet startar klokka 17 fredag og vert avslutta klokka 14 søndag. Sakspapir med program vert sendt ut ca. 2 veker før arrangementet.

Fylkesting for ungdom (FFU) er det øvste talerøyret for ungdom i Vestland fylke. FFU skal arbeide med å ivareta ungdom i Vestland sine interesser og auke samfunnsengasjementet hos ungdomen. FFU arbeider for å fremje ungdomsmedverknad, politisk engasjement og gir innsyn i demokratiet som styreform og folkestyret som grunnverdi.

Kvar kommune i Vestland, uavhengig av folketal, kan sende to delegatar til fylkesting for ungdom. Desse skal veljast frå dei kommunale ungdomsråda. Delegatar stiller med tale-, forslags- og røysterett.

Om kommunane ynskjer å sende fleire representantar er det plass til totalt ti observatørar. Desse stiller med talerett, men utan forslags -og røysterett. Her er det snakk om å vere dei fyrste til å melde frå om ynskje av desse plassane.

Det vert ein eigenandel på 3000kr per deltagar, som dekker alt utanom reise. Avmelding etter fristen vert fakturert fullt ut. Frist for påmelding er 27. mars og gjerast gjennom denne linken: <https://www.vestlandfylke.no/kalender/2023/fylkesting-for-ungdom-2023/>

Det vert lagt opp til dobbel- og trippelrom. Det er mogleg å komme med romønskjer, og vi vil tilpasse dette så langt det er mogleg. Ved behov for enkeltrom må kommunen sjølv dekke ekstra kostnad.

Dersom du ønskjer å kome med innspel til programmet kan det sendast til Inger Christin Hystad Barane, [Inger.Christin.Hystad.Barane@vlfk.no](mailto:Inger.Christin.Hystad.Barane@vlfk.no). For praktisk informasjon, ta kontakt med Anne Koch Grønlien, [Anne.Koch.Grønlien@vlfk.no](mailto:Anne.Koch.Grønlien@vlfk.no).

Vestland ungdomsutval ser fram imot å sjå de på fylkesting for ungdom.

Inger Christin Hystad Barane  
leiar

Anne Koch Grønlien  
rådgjevar